



Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk
kirkeråd
Postboks 799 Sentrum

0106 OSLO

Dato: 30.04.2021

Vår ref: 21/00876-3

Dykkar ref: 20/04660-2

Høyringsvar frå Bjørgvin bispedømeråd på høyring av liturgiar for påskens heilage tre dagar skjærtorsdag, langfredag og påskenatt

Bjørgvin bispedømeråd takkar for høve til å gje høyring på framlegget til liturgiar og til allmenne føresegner for tredagarshøgtida. Det er ein verdi for kyrkja at ein får ei samla feiring av dagane.

Bjørgvin bispedømeråd er samd i framlegget til særtrekk ved skjærtorsdagsgudstenesta: At ein fylgjer ordninga for hovudgudsteneste, men kan ha fotvasking, ei særskild forbøn og avdekking av alteret før langfredagen, og at det er soknerådet som tar stilling til om det skal vera fotvasking fordi dette er det som skil seg mest frå den vanlege gudstenestefeiringa.

Den noverande langfredagsliturgien er god og enkel og bør vera eit alternativ. Det nye framlegget innfører ei inngangsbøn som fokuserer på krossen, elles er den nokså lik den noverande. Bispedømerådet er samd i at det skal vera obligatorisk med preike langfredag fordi bibelteksten må aktualiserast inn i vår tid. Ein er samd i at krossmeditasjon, som er vanleg i våre nabokyrkjer, kjem som eit alternativt ledd før forbøna. Dette må ikkje koma i staden for preika, men gje rom for den individuelle meditasjon over krossen på bakgrunn av tekstlesing og forkynning. Sidan dette er eit nytt liturgisk ledd er det rimeleg at soknerådet vedtar dette som ein del av si grunnordning om det vert eit fast element.

Bjørgvin bispedømeråd meiner det er uheldig at ein på påskenattsgudstenesta vil ta bort innleiingane til kvar tekst og grunngjev dette som ei forenkling. Eit slikt grep vil gjera påskenattsgudstenesta meir intern fordi ein då føreset god kjennskap til bibeltekstane og frelseshistoria. Til dømes er verdien i innleiinga til fyrste tekst at skaping og

nyskaping/oppstoda vert knytt saman. Det går ikkje fram av tekstane aleine, men er kyrkja si forståing av tekstane og det som gjer teksten frå 1. Mosebok aktuell denne dagen. Det er eit tap for samanhengen i gudstenesta dersom desse innleiingane vert tatt bort.

Til rettleiinga vil bispedømerådet foreslå ei presisering i Allmenne føresegner §2 på at dersom tredagarshøgtida vert feira med ulike dagar i ulike kyrkjer bør påskennatt gjennomførast i den same kyrkja over fleire år for å etablere ei forståing og innøving av påskennattsgudstenesta med alle sine annleis element.

Björgvin bispedømeråd meiner det er uheldig å ha valfrie liturgiske fargar (Allmenne føresegner §5) og vil halda på lilla som ein har no. Dei liturgiske fargane er kyrkja sin felles kyrkjeårstradisjon og det følga dagane og ikkje lokale preferansar. Det er god grunn til å halda på lilla som fasta sin farge på skjærtorsdag og fasta og gravferda sin farge, lilla, på langfredag. Den kvite fargen er festfargen og høver ikkje når ein feirar at Jesus går for å bli arrestert, dessutan vil kontrasten til påskedag bli utviska. Framlegget om raud på langfredag vert ikkje grunngjeve, Raudt er martyriet og Anden sin farge, ingen av delane skjer på langfredag. Jesus var ikkje noko vitne om frelsarens død, slik som helgenane, han møtte døden for oss og må markera med dødens og gravferdas farge.

(I parentes bemerkta: Bispedømerådet har gitt høyring på høyringsdokumentet og ikkje til dei spørsmåla som står i surveys-linken fordi spørsmåla i linken ikkje stod i høyringsdokumentet.)

Med helsing

Jan Ove Fjellveit
stiftsdirektør

Tore Skjæveland
kyrkjefagsjef

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Mottakarar:
Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk
kirkeråd

Postboks 799
Sentrum

0106 OSLO